

Osterøy Idrottslag. 80 år. 23.mai 1998.

"I tida kring 1.verdskrigen heldt irottsrørsla etter mykje motstand på å bryta igjennom i Noreg. I Gjerstadbygdi fylgdest idrettshugen med den søgeinteresse og sans for gamle tradisjonar som då var oppe i tidi."

Slik tek lagssoga til Idrottslaget "Skerphedin"/Osterøy " til. I ei tid då nasjonen skulle atterreisast, finna att sitt eigenverd og merke, finna fram att å bli glad i eiga søge og kultur- finna trua på at me har krefter nok-og at me kan, og her var vilje til å byggja oppatt både folk og land. Grunnlaget er tufta på eigne tradisjonar men då som no, så har me sett og lært av det som skjer i andre samfunn og nasjonar, Å setja seg eit mål vart så det neste- å stå fram som likemenn iblandt dei beste. Vørnad for mennesket-var det store idealet attom, eit skaparverk som er så stort at det skal ikkje skuslast bort, Kropp og sjel det høyrer saman, skal så vera, og ansvaret er vårt for at dette skal fungera. Dette vart så tankar i ei tid då folket ynskte fredleg kappestrid. For idretten den har som mål og vilje knyta folket saman-ikkje skilje. Skapa venskap over landegrensar kan medverka til betre verd, respekt for felles ideal og mål- og urett det vert ikkje tålt- Men-no heldt me oss på toppen- og der er trangt om plassen, men for at nokon og skal koma der så må me få med massen. Og der er plass for deg og meg- og der er plass til alle- til dette bruket har me sjølv sagt idrottslaget. I starten her så var det helst dei unge sterke menn som kjempa laget fram. Skriv og protokollæ fortel om utforming av organisasjonen og program som viser høvisk framferd, plan og orden med ~~full~~ respekt for lov og rett. Natura vart den første bana for ski og skøyter .hopp og løp. Men sjølv om ein har fint terreng, så vart det klart, ein også idrettsbana treng. Brubakkane-^{er} ein viktig del-det må ein sei, den første bana på osterøy. Plassert imellom 4 herad som den eine-^{pa} ^{ding med} likevel vart den stort sett opparbeidd/av dei aktive åleine. For si tid var bana fin, og laget hadde ein arena for å suks aktiviteten sin. Her var friidrett av fleire slag-

og her kom fotball-og med tida ~~dome~~handballlag.
Publikum var aktivt med og fylde haugen attmed,
og etter kampen var det gratis bad i vatnet.
Garderobe/bak ein busk til tider,
men det kom eit klubbhus opp omsider.
Mange gode minner set der att-
og mange gode idrettsresultat.
For stendig fleire kom på bana-
det kom også jenter med-
sjølv om sume var i stuss om det var sømeleg.
Og borna kom, med foreldre og med skulen eller kvar for seg,
og idrettsrørsla vaks seg større, steg for steg.
For idrett det er både leik og alvor, nett som livet.
Gleda over samveret med andre-felles mål og kvar ~~for seg~~ *og ein*
men med vørnad for kvarandre-
det å setja seg eit mål-å vilja-å øva seg å treni.
Det er lov å verta god-
Tåle skuffelse og nedtur-
kanskje går det heilt i stå-
lær av feila-prøv igjen!
då er det gøy når formen kjem!
og har ein eingong følt den gleda
at ein har overskot og alt fungerer-
ja-sjølv om resultatet ikkje stod til gull og siger-
så har ein denne kjendsla med seg så lenge som ein lever-
og dermed så kan idrettsgleda med å vera aktivt med
vara lenger enn de anar-
sjå no berre her på våre flotte veteranar.
Med idretten si ~~and~~ som viktig del av livet
har dei gitt idretten eit anlet.
med mange gode idrettsprestasjonar
så står dei også fram som heiderfolk og dyktige personar.
Så står me her i 98 og feirer våre 80 år.
Eit idrettslag med tru på framtida
som var me i vår ungdoms vår.
Born og unge er vår framtid-
dei må ha ein base og ein grunn
der dei kan møte livet og verta sterk og sunn.
Me trur at idretten har i seg mange gode tradisjonar
som og er verdfulle for framtidige generasjonar.
Det set også krav til leiarskap og framtidsplanar,
for det forplikar å bera idretten si fana.

Det er med glede og med takksemnd at me kan samlast her idag
i denne fine Hallen som er felles ~~får~~ kommunen for alle
bygdelag.

Me vonar det gir samhald ,mot og styrke
for gode krefter i heile vårt lokale rike.

*Takk til alle med jubilet - og
Takk til alle med BSK og hallen.*